

Program Pasientens helseteneste

Rapport til Helse Førde v/styret

22. november 2019



Vi skal nytte mogleighetene i dagens bygningsmasse, og sikre at om- og nybygg er innretta på moderne drift og har fleksibilitet for framtidige endringar i spesialisthelsetenesta

Utviklingsplan for Helse Førde 2018-2035

Oppdrag/program Program Pasientens helseteneste – teneste og organisasjonsutvikling knytt til Nye Førde sjukehus	Oppdragsgjevar / eigar Helse Førde HF v/Administrerende direktør Arve Varden
Ansvarleg for rapporten Programleiar Anne Kristin Kleiven, Utviklingsdirektør	Godkjend av Administrerende direktør Arve Varden
Dokument tittel Rapport, september 2019	Dato 10.11.2019

Innhald

1. Oppsummering.....	3
2. Innleiing.....	4
3. Historikk og organisering	5
4. Aktivitetar i gang og under planlegging	6
Tabellen nedanfor syner aktivitetane i programmet frå det blei starta i 2016 og fram til no:	
5. Aktiviteter i gang og under planlegging	8
4.1 Nærare om aktivitetar som er i gang:	8
4.1.1 Psykisk helsevern for vaksne, psykiatrisk klinikk Førde. Planlegge framtidig tilbod i nye lokale	8
4.1.2 Psykisk helsevern for barn og unge i Nye Førde sjukehus	10
4.1.3 Framtidig drift i Livabygget (nytt somatikk-bygg).....	10
4.1.4 Framtidig akuttmottak – konsept	10
4.1.5 Fysikalsk medisin, rehabilitering,og habilitering forprosjekt	11
4.2 Arbeid under planlegging.....	11
4.2.1 Poliklinikkane i Nye Førde sjukehus	11
4.2.2 Døgntenester – sengepostar og pasienthotell i Nye Førde sjukehus - somatikk	12
4.3 Arbeidsprosessar som gjeld heile Helse Førde	12
4.3.1 Medisinsk avstandsoppfølging - «virtuelle» Nye Førde sjukehus og Helse Førde	12
4.3.2 Rekrutteringsstrategi for Helse Førde.....	13
4.3.4 Prehospitale tenester – samla plan	13
4.3.5 Legemiddelforsyning	14
6. Premissar for arbeidet og prioriteringane:.....	14
7. Arbeidsmåtar i programmet	15
7.1 Koordinering.....	16
5.2 Koordinering med Nye Førde sjukehus byggeprosjekt.....	17
8. Avslutning.....	18

1. Oppsummering

Rapporten gir oversyn over Program Pasientens helseteneste sine aktiviteter.

Programmet skal arbeide for tenester som er samordna, tilpassa behovet og gjev pasienten så stor medverknad som råd. Programmet er forankra i og skal bidra til å realisere Helse Førde sin utviklingsplan, Helse Førde 2035, og til at andre føringar, strategiar og planar vert omsett til praksis. Programmet skal bidra til å sikre heilskap i arbeidet med teneste og organisasjonsutvikling og ha aktiviteter der det er behov for å ha større og tverrgående prosessar.

Mange ulike aktiviteter har vore lagt til programmet sidan etablering i 2016. I 2019 har programmet arbeidd med

- Psykisk helsevern
- Akuttmottak i Nye Førde sjukehus
- Lærdal fase 2, framtidige tenester
- Stadleg leiing – evaluering av modell
- Fysikalsk medisin, rehabilitering og habilitering - konseptutgreiing
- Allergipoliklinikk – forbettringsprosjekt
- Overgang barn til vaksen – forbettringsprosjekt
- Legemiddelhandtering i Nye Førde sjukehus
- Framtidig drift i LIVA – bygget; arealkvalitetssikring med «driftsbriller» - hovudsakleg knytt til arealplanlegging dette året:
 - Operasjon, dagkirurgi, oppvaking og anestesi
 - Intensiv og overvaking
 - Sterilsentral
 - Kvinne og barn
- Kontor og undervisning i Nye Førde sjukehus

Frå 2019 har planlegging av drift og organisering i Nye Førde sjukehus hatt høgast prioritet, og dette vil også gjelde i åra framover. Samstundes vil det måtte gjerast utviklingsarbeid i alle delar av føretaket.

Aktiviteteane er samordna med andre aktiviteter, som regionale innføringsprogram for å unngå dobbeltarbeid og sikre at ressursane blir brukt mest mogleg effektivt.

2. Innleiing

Rapporten gir oversyn over aktivitetane i program Pasientens helseteneste i Helse Førde.

Programmet skal arbeide for tenester som er samordna, tilpassa behovet og gjev pasienten så stor medverknad som råd. Programmet er forankra i og skal bidra til å realisere Helse Førde sin utviklingsplan, Helse Førde 2035, og til at andre føringar, strategiar og planar vert omsett til praksis. Programmet skal bidra til å sikre heilskap i arbeidet med teneste og organisasjonsutvikling og ha aktivitetar der det er behov for å ha større og tverrgående prosessar.

Pasientens helseteneste er eitt av programma i Helse Førde sin portefølje, og skal ha eit særleg fokus på teneste- og organisasjonsutvikling. Det er føresett at organisasjonen tek inn over seg nye føringar og evnar å omsetje desse til korleis tenester og organisering skal sjå ut i framtida. Dette er krevjande prosessar som inneber kulturendringar og at ulike delar av organisasjonen samarbeider. Føringane vil alltid vere i endring, og programmet må også vere fleksibelt nok til å ta opp i seg endra vilkår. Det er nær samhandling og koordinering mellom programmet og anna utviklingsarbeid i føretaket, som regionale innføringsløp, pasienttryggleiksprogrammet mv. Programmet må også innrette seg inn mot Nye Førde sjukehus-prosjektet si framdrift – dette for å sikre gode nok styringssignal frå organisasjonen inn mot byggeprosjektet.

Måla under er henta frå utviklingsplanen til Helse Førde. Dei og tiltaksområda under er styrande for programmet. Desse er også kvalitetsmål for foretaket:

Innsatsområde	Kvalitetsmål for Helse Førde
Pasientens helseteneste – brukartilfredsheit	Legge til rette for større grad av medverknad, og for tilgjengelege, likeverdige og individuelt tilpassa spesialisthelsetenester
Pasientbehandling - fagleg prioritering, pasienttryggleik, kvalitet og pasientopplæring	Styrke det faglege tilbodet innan prioriterte område, og gje betre høve for medverknad gjennom <u>eigenmeistring</u> og <u>førebygging</u>
Oppgåvedeling og samhandling	Samarbeide for å utvikle ei meir einskapleg helseteneste som koordinerer <u>behandlingsforløpa</u> og tilbyr tenestene på beste effektive omsorgsnivå
Organisering og leiing	Vidareutvikle organisasjonen og leiinga si evne til å levere spesialisthelsetenester av god kvalitet på ein effektiv måte
Bemanning, kompetanse og utdanning	Styrke rekruttering, kompetanseutvikling og <u>stabiliseringstiltak</u> for å sikre medarbeidarar med rett kompetanse for framtida
Forskning og innovasjon	Forbetre helsetenestene og fremje <u>meistring</u> og helse gjennom forskning av høg kvalitet og Innovasjon
Økonomi	Ha berekraftig drift slik at føretaket kan gjere naudsynte investeringar og sikre handlingsrom for kjerneoppgåvene
Byggutvikling framover	Nytte mogelegheitene i dagens bygningsmasse, og sikre at om- og nybygg er innretta på moderne drift og har fleksibilitet for framtidige endringar i spesialisthelsetenesta
Påverknad av omverda	Vere ein aktiv samfunnsaktør, nytte ressursar og kompetanse for å fremje samarbeid og innovasjon på tvers av fag og næring

3. Historikk og organisering

Viser til styresak 092/2019, 22.11.2019; *Status program Pasientens helseteneste, teneste- og organisasjonsutvikling*, for nærare orientering om programmet.


Programmet vart etablert i 2016, og har samanheng med planprosessane i føretaket:

- 2013: Første arealplan Førde sentralsjukehus
- 2013-2017: Idefase/konseptfase for arealplan for Førde sentralsjukehus, fram til forprosjekt
- 2015: Verksemdsmessig og bygningsmessig utviklingsplan (heile føretaket), 2015
- 2016: Faggruppedokument med innsatsområde for framtidens spesialisthelsetenester
- 2016: Pasientens helseteneste program vart etablert for å utvikle pasientens helseteneste med både verksemds- og byggutvikling

Seinare har Helse Vest 2035 og Utviklingsplan Helse Førde 2035 kome til som nye planverk, som er førande for programmet.

Programmet har hatt ei rekke aktivitetar og prosjekt under sin paraply fram til no. Det vert arbeid med å planlegge og førebu organisasjonen på å realisere strategiske endringar. Dette skjer no parallelt med at ein planlegg byggeprosjektet Nye Førde sjukehus. Det vil seie at organisasjonen arbeider med endring, planlegging av framtidige driftsmodellar (fagleg og organisatorisk) samstundes som ein planlegg arealet. Nye Førde sjukehus har innverknad på heile organisasjonen. Prosjektet vil påverke kapasitet, handlingsrom og moglegheiter utifrå kva som blir bygd og korvidt ein klarer å hente ut driftsgevinstar som føreset. Aktivitetane i Pasientens helseteneste må av den grunn vere i forkant av og samkøyrte med byggeprosjektet. Det er difor dei same personane/gruppene som arbeider med teneste- og organisasjonsutvikling som deltek i planlegging av bygg.

Programmet skal utgreie, tilrå og bidra til planlegging av endringar som trengs for å justere verksemda til framtidige behov, endra føringar og moglegheiter. Programmet skal sjå heilskapleg på løysingane for framtida; klinisk verksemd, ikkje medisinske tenester og stab og støtte.



Programmet er del av portefølgja til Helse Førde, og får oppdrag via porteføljestyret.

Programeigar: Arve Varden, AD

Programleiar: Anne Kristin Kleiven, Utviklingsdirektør, leiar for Fag og utviklingsavdelinga HFD

Styringsgruppa er samansett av føretaksleiinga, tillitsvalde og verneteneste.

Prosjektleiarar og prosjekt/arbeidsgrupper:

Helse Førde har prinsipp om at prosjekt skal eigast og drivast av driftslinja. Større prosjekt skal ha eigar på nivå 2 som er medlem av føretaksleiinga. Alle utviklingsløp skal ha mandat frå styringsgruppa, og skal arbeide for å oppnå mål innanfor avtalt tid, kostnad, kvalitet og nytte.

Prosjekta vert samansett av relevant kompetanse (leiarar, legar, sjukepleiarar etc) utifrå behov. Klinisk kompetanse skal vere breidt representert i tenesteutviklingsprosjekta.

Utgifter til deltaking vert som hovudregel dekkja i eiga linje.

Fag og utviklingsavdelinga bidreg med programressursar som støttar prosjekta/utviklingsarbeidet og førebur saker for styringsgruppa. Staben har også oppgåver knytt til koordinering på tvers av program og prosjekt etter behov. Det er lagt opp til tett koordinering med regionale prosjekt med avhengigheiter til dei ulike tenesteutviklingsløpa. Staben har også ansvar for å planlegge/fasilitere prosjektleiaropplæring.

Prosjekt/arbeidsgruppene har deltakar frå tillitsvalde og vernetenesta. Desse representerer ikkje berre eiga avdeling eller fagforeining, men er utpeika til på vegne av alle involverte.

Ulike arbeidsformer: Det er lagt til grunn at utviklingsarbeid skal gjerast så enkelt og effektivt som mogleg utifrå føremålet. Forbetningsmetodikk, utgreiingar, workshop mv blir teke i bruk der det ikkje er behov for tyngre prosjektorganisering. Rapportering skal også vere enklast mogleg, og likevel slik at prosess og avgjerder er dokumenterte.

4. Aktivitetar i gang og under planlegging

Mange ulike aktivitetar har vore lagt til programmet sidan etablering i 2016. I 2019 har programmet arbeid med

- Psykisk helsevern
- Akuttmottak i Nye Førde sjukehus
- Lærdal fase 2, framtidige tenester
- Stadleg leiing – evaluering av modell
- Fysikalsk medisin, rehabilitering og habilitering - konseptutgreiing
- Allergipoliklinikk – forbetningsprosjekt
- Overgang barn til vaksen – forbetningsprosjekt
- Legemiddelhandtering i Nye Førde sjukehus
- Framtidig drift i LIVA – bygget; arealkvalitetssikring med «driftsbriller» - hovudsakleg knytt til arealplanlegging dette året:
 - Operasjon, dagkirurgi, oppvaking og anestesi
 - Intensiv og overvaking

- Sterilsentral
- Kvinne og barn
- Kontor og undervisning i Nye Førde sjukehus

Frå 2019 har planlegging av drift og organisering i Nye Førde sjukehus hatt høgast prioritet, og dette vil også gjelde i åra framover. Samstundes vil det måtte gjerast utviklingsarbeid i alle delar av føretaket.

Aktivitetane er samordna med andre aktivitetar, som regionale innføringsprogram for å unngå dobbeltarbeid og sikre at ressursane blir brukt mest mogleg effektivt.

Tabellen nedanfor syner aktivitetane i programmet frå det blei starta i 2016 og fram til no:

2016-2018:	Avslutta i 2019
Framtidige døgntenester i Nye Førde sjukehus	Lærdal fase 2, framtidige tenester
Barn og unge (del av døgnprosjektet)	Stadleg leing – evaluering av modell
Framtidige poliklinikk i Nye Førde sjukehus	Fysikalsk medisin, rehabilitering og habilitering
Psykisk helsevern	konseptutgreiing
Laboratorie og radiologi i Nye Førde sjukehus	Allergipoliklinikk - forbetningsprosjekt
Akutmottak	Overgang barn til vaksen – forbetningsprosjekt
Operasjon, intensiv og sterilsentral	Legemiddelhandtering i Nye Førde sjukehus
Lærdal fase 1, kartlegging	Framtidig drift i LIVA – bygget; arealkvalitetssikring med «driftsbriller»
Stab og støtteressursar i framtida	Kontor og undervisning i Nye Førde sjukehus


Syner også til vedlegget som har tabell er det oversyn over aktivitetane frå 2016 tom 2019 og planlagde løp for 2020.

5. Aktiviteter i gang og under planlegging

Kapitlet inneheld oversikt over pågåande og planlagde utviklingsprosessar. Tabellen nedanfor er henta frå prosjektrapporteringa (sak 091/2019), og syner at ein er i rute bortsett frå at Rekrutteringsstrategi ligg 2 månadar bak planlagt tid:

Pasientens helseteneste						
Framtidig akuttmottak						
Framtidig drift i Livabygget						
Fys. Med., rehab. ,og hab.						
Medisinsk avstandsoppfølging						
Prehospitale tenester						
Psyk. hels. For barn og unge						
Psykisk helsevern for vaksne						
Rekrutteringsstrategi						

Oversyn over pågåande aktivitetar:



4.1 Nærare om aktivitetar som er i gang:

4.1.1 Psykisk helsevern for vaksne, psykiatrisk klinikk Førde. Planlegge framtidig tilbod i nye lokale

Prosjekteigar: Børge Tvedt, direktør psykisk helsevern

Prosjektleder: Svein Ove Alisøy, avdelingssjef Psykiatrisk klinikk, Førde sentralsjukehus

Prosjektet skal planlegge det faglige tilbudet, organisering og drift, og på denne måten danne grunnlag for å flytte inn i nytt bygg. Det framtidige tilbudet i nybygget i Førde skal i tillegg til dagens tilbud omfatte døgnplassar for tryggleikspasientar i Helse Førde, og DPS døgnplassar frå Tronvik.

Tilbudet i nybygget for Psykisk helsevern i Førde er planlagt med 18 døgnplassar i ein kombinert akutt og lokal tryggleikspost. Tre døgnplassar skal vere for tryggleikspasientar, 23 DPS døgnplassar, herav 8 døgnplassar for psykosepasientar. Poliklinikk og sentralt ressursteam. I tillegg er det planlagt areal for integrerte tenester innan trening og aktivitet.

Psykiatrisk klinikk har i dag aktivitet ved fleire lokasjoner; Førde, Kyrkjebø / Tronvik i Høyanger kommune og Florø. Delar av drifta ved Kyrkjebø (distriktpsikiatriske døgntenester) er planlagt flytta til Førde når det nye bygget står klart.

Det har vore arbeid med å førebu drift i nye lokale over tid og i fleire fasar:

- Ein første arealplan med tilhøyrande utviklingsplan i 2013, med vidare detaljering fram mot endeleg utforming i 2018.
- Eit større konseptprosjekt med modellvalg som gjaldt psykisk helsevern for vaksne i heile Sogn og Fjordane (2016-2017)
- Konseptval for drifta som danna grunnlag for utforming av bygget (2018)
- 2019: Detaljering

Dette året arbeider ei prosjektgruppe med fleire arbeidsgrupper under med ulike sider av framtidig drift og å detaljere grunnlaget for å flytte og etablere ny drift i nye lokale.

Mål for arbeidet:

I mandatet til prosjektgruppa ligg at dei skal nytte høvet til å tenkje nytt og framtidsretta om innhald og organisering av tenester i nytt bygg. Innføring av Pakkeforløp psykisk helse og rus, samt andre pågåande prosjekt lokalt og regionalt tvingar fram eit behov for å endre arbeidsmåtar. Godt fagleg tilbud med rett dimensjonering, m.a. til pasientar med psykose og særskilde tryggleikstiltak, akutttilbodet, ambulering er blant dei viktige tilboda som blir planlagde. Bruk av teknologi, nye arbeidsprosessar og kompetansebehov blir vurdert.

Arbeidsgrupper blir oppretta etter behov:

Til no har det vore arbeid med desse emna i arbeidsgrupper:

- Fagleg profil
- Leiarstruktur
- Tilbod for tryggleikspasientar (etablere tilbod i Helse Førde som pr no blir kjøpt frå Helse Bergen og andre stader). Tilbodet for Tryggleikspasientar var lokalisert på Tronvik, men sidan 2013 har Helse Førde kjøpt gjesteplasser for lokale tryggleikspasientar ved andre føretak.
- Tilbod for pasientar med psykose
- Poliklinikk og døgntenester, akutt og distriktpsikiatrisk tilbod (DPS). Herunder skal eininga for DPS Tronvik flytte til og slåast saman med Førde.
- Sentralt ressursteam?

4.1.2 Psykisk helsevern for barn og unge i Nye Førde sjukehus

Prosjekteigar: Børge Tvedt, direktør for psykisk helsevern

Prosjektleiar: Hildegunn Fauske, avdelingssjef BUP-Førde

Psykisk helsevern for barn og unge (BUP) i Sogn og Fjordane arbeider kontinuerleg arbeidd med å utvikle tenestene.

Førde BUP har arbeidd med å førebu drift i nye lokale over tid og i fleire fasar:

- Ein første arealplan med tilhøyrande utviklingsplan i 2013, med vidare detaljering fram mot endeleg utforming i 2018.
- Eit større tenesteutviklingsprosjekt med modellvalg som gjaldt psykisk helsevern for vaksne i heile Sogn og Fjordane (2016-2017)
- Konseptval for drifta som danna grunnlag for utforming av bygget (2018)
- 2019 - detaljering

I denne fasen er arbeidet konsentrert om å tilpasse drifta dei har i dag til det nye bygget i Førde. Når dette er ferdig, er det tenkt eit utviklingsarbeid som omfattar drifta i alle lokasjonane.

4.1.3 Framtidig drift i Livabygget (nytt somatikk-bygg)

Prosjekteigar: Tom Guldhav, klinikkdirektør kirurgisk klinikk

Livabygget planlagd å innehalde funksjonar organisert under Kvinneklinikken, Barne og ungdomsavdeling og Avdeling for akuttmedisin. Dette er funksjonar som går på tvers av einingar, seksjonar, avdelingar og klinikkar. Gode løysingar for tenestene, organisering og arealutnytting vil difor være viktig store delar av Helse Førde.

Arbeidet er delt inn i følgjande område:

- Intensiv og overvaking
- Operasjon, dagkirurgi, oppvaking og anestesi
- Kvinne, barn og ungdom
- Sterilsentral

For kvart område er det etablert arbeidsgrupper. Desse har arbeidd med å kvalitetssikre forprosjekt-teikningane. Gruppeleiar deltek i prosjektgruppa til Nybygg somatikk i Nye Førde sjukehus. Det er tett kontakt opp mot linja undervegs i arbeidet.

Framover er det planlagt at gruppene skal arbeide vidare med teneste- og organisasjonsutvikling.

4.1.4 Framtidig akuttmottak – konsept

Prosjektleder: Laila Haugland, avdelingssjef Medisinsk avdeling, Medisinsk klinikk, Helse Førde

I 2018 tilrådte ei arbeidsgruppe i programmet mellom anna at det blir oppretta ein observasjon/utgreiingspost med 12 senger og spesialisering innan akutt- og mottaksmedisin. Det er no bedt om ei ny vurdering av konseptet i kvalitetssikringa av arealbehov i samband med Nye Førde sjukehus.

Det er etablert ei prosjektgruppe som har fått mandat frå styringsgruppa. Gruppa skal gjere ei ny vurdering av tidlegare tilrådingar, skildre alternative løysingar og identifisere kva modell/løysing som i størst grad vil nå måla til Helse Førde og tilfredsstille pasientgruppene og verksemda sine behov innanfor dette området. Frist for arbeidet er 26.11.2019.

4.1.5 Fysikalsk medisin, rehabilitering, og habilitering forprosjekt

Prosjektleder: er direktør for medisinsk klinikk Olav Hesjedal.

Prosjektleder: Stig Iglund, Avdelingssjef Samhandling og tverrprofesjonelle tenester, Medisinsk klinikk, HFD

Porteføljestyret vedtok i juni 2019 etter ei konseptvurdering å gå vidare med eit forprosjekt for å utgreie ei samling av fysikalsk medisin, rehabilitering og habilitering under ein paraply.

Målet er at brukarar og nærpersonar skal få individuelt tilpassa og koordinerte tenester som tar utgangspunkt i den einkilde sine mål, ynskje og behov for å bidra til gode meningsfulle liv med funksjonshemming. Forprosjektet skal gje ei tilråding som dekker:

- Døgntenester
- Poliklinikk - dagbehandling og ambulant
- Driftsmodellar og organisering
- Areal og utstyr

Forprosjektet skal vere avslutta 15. mars 2020. Forprosjektet er i kartleggingsfasen der nositasjon og behov vert kvalitetssikra.

4.2 Arbeid under planlegging

4.2.1 Poliklinikkane i Nye Førde sjukehus

Det vart gjort eit grunnarbeid for vurdering av framtidig drift i 2016/2018

Arealplanane skal kvalitetssikrast og det skal planleggast vidare med framtidig drift og fagleg innhald.

Arbeidet skal bygge på tidlegare grunnarbeid 2016/2017.

Etablering av prosjekt for kvalitetssikring og planlegging er under arbeid.

Eigar: klinikkdirektør medisinsk klinikk

4.2.2 Døgntjenester – sengeposter og pasienthotell i Nye Førde sjukehus - somatikk

Det vart gjort eit grunnarbeid for vurdering av framtidig drift i 2016/2018

Nye sengeområde med einsengsrom og sengetun inneber ein stor overgang samanlikna med dagens planløyising og drift.

Framover skal arealplanar kvalitetssikrast og det skal planleggast vidare med framtidig drift og fagleg innhald.

Arbeidet skal bygge på tidlegare grunnarbeid 2016/2017.

Etablering av prosjekt for kvalitetssikring og planlegging er under arbeid.

Eigar: klinikkdirektør kirurgisk klinikk

Døgn –framtidige kliniske arbeidsprosesser

Det sjåast som viktig å planlegge for tilstrekkeleg tid til førebuing og utprøving av nye arbeidsmåtar i nye sengeposter.

Målsetningar:

- Redusere gapet mellom dagens drift og drift i nytt bygg - konsept med einsengsrom og sengetun i NFS
- Finne løysingar som kan implementerast i dagens sjukehus og som vil bidra til bærekraftige løysingar i nytt bygg
- Prøve ut nye arbeidsmåtar som ein erfaringsbase for læring og kunnskapsoverføring til andre sengeområder og sikre organisatorisk læring

Eit bærande prinsipp i arbeidet vil vere å verne om verdiskapande aktiviteter knytt til pasientbehandling og optimalisere forhold for pasientmedverknad.

4.3 Arbeidsprosessar som gjeld heile Helse Førde

Nedanfor er det opplista arbeidsprosessar som gjeld heile Helse Førde – alle lokasjonar, og som grip inn i/er knytt opp mot utviklingsarbeidet med Nye Førde sjukehus

4.3.1 Medisinsk avstandsoppfølging - «virtuelle» Nye Førde sjukehus og Helse Førde

Prosjekteigar: Anne Kristin Kleiven, utviklingsdiaktør

Arbeidsgruppeleiar telemedisin: Jarle Øen

Arbeidet med medisinsk avstandsoppfølging har eiga arbeidsgruppe som skal sikre god infrastruktur og rett framdrift i breidding og innføring. Parallelt arbeider Helse Førde med å ta i bruk medisinsk avstandsoppfølging på nye område. Gjennom året er det gjort ei god kartlegging av eksisterande avstandsoppfølging, og det er føreslått mål for vidare utvikling på eit overordna nivå. Kartlegginga omfattar video, telefonkonsultasjonar, digital tilbakemelding, monitorering mv. Helse Førde deltek i regionalt forprosjekt. Hovudmålet for det regionale forprosjektet er å skildre potensiale, plan og retning for ein heilskapleg satsing på avstandsoppfølging. Helse Førde deltek også i det nasjonale prosjektet «Helsetenester på nye måtar ved bruk av teknologi».

Pasienter som ikkje har behov for fysisk oppmøte på sykehuset, skal kunne få eit tilbod «der dei er». Pilotane på bruk av videokonsultasjon gir interessant læring, både klinisk, organisatorisk og IT-teknisk. Prosjektet jobber tett med Alle Møter for å gi innspel til løysning for videokonsultasjon gjennom Helsenorge.no, og gir innspel i nasjonalt arbeid på oppdrag fra Helse – og omsorgsdepartementet (HOD) om nasjonale tiltak for økt bruk av medisinsk avstandsoppfølging.

For å sikre god arbeidsflyt på poliklinikk har både pasientar og tilsette gitt uttrykk for at dei ønskjer å få på plass digital informasjonsutveksling i forkant. Norse feedback vert nytta i psykisk helsevern og i nokon grad i somatikken. I tillegg har ein andre skjema som vert sent pasientane via Checkware-plattformen. Ein ser også på korleis dette er løyst andre stader. Eitt eksempel er Virtuelle SUS i Helse Stavanger og Helse Vest IKT som ser på moglegheit for strukturert datainnsamling fra pasienter før elektive operasjonar.

4.3.2 Rekrutteringsstrategi for Helse Førde

Prosjektleder: Arne Skjelten, HR-direktør

Prosjektleder delprosjekt legerekruttering: Trine Vingsnes, fagdirektør

Utviklingstrender viser at det kan bli store utfordringar med å skaffe nok kvalifisert arbeidskraft til spesialisthelsetenesta i framtida. Helse Førde er et lite føretak som innan enkelte fagområde merker denne problemstillinga allereie i dag.

Prosjekt Rekrutteringsstrategi for Helse Førde er starta opp etter et ønske frå styret i Helse Førde om å sette fokus på korleis vi arbeidar for å rekruttere, behalde, utvikle og utdanne våre medarbeidarar. Målsetninga er å rekruttere og utvikle gode og riktige medarbeidarar for framtida

4.3.4 Prehospitale tenester – samla plan

Prosjektleder: Tom Guldhav

Føremålet er å sikre innbyggjarane i fylket gode prehospitala tenester, og å leggje til rette for eit vidare godt samarbeid mellom helseføretaket og kommunane om den akuttmedisinske kjeda.

Fase 1, Kartlegging, vart avslutta våren 2018. Fase 2 har utarbeidd planframlegg som er sendt på høyring hausten 2019. Styret skal handsame planen i etter at høyringsinnspela er gjennomgått.

4.3.5 Legemiddelforsyning

Prosjektleder: Trine Vingsnes, Fagdirektør, Fag og utviklingsavdelinga HFD

Prosjektet greier ut behov for endringar i legemiddelhandteringa, både i forhold til framtidig trygg pasienthandtering og for tilpassing til framtidig areal. Det har dei siste åra vore arbeida med legemiddelhandtering i Helse Førde i fleire ulike samanhengar:

- Prosjekt Kurve og legemiddelhandtering (KULE)
- Nye Førde sjukehus
 - o Arbeidsgruppe for legemiddelforsyning
 - o Møte mellom Nye Førde sjukehus og Sjukehusapoteka Vest
 - o Teneste- og organisasjonsutviklingsprosjekt
- ROS-analyse av legemiddeltilverking på medisinrom i Helse Førde
- Møte mellom Sjukehusapoteka Vest og føretaksleiinga i Helse Førde

Moment frå desse prosessane er innarbeidd i forprosjektet Nye Førde sjukehus, og er indirekte godkjent saman med forprosjektrapporten. Sidan løysingane inneber relativt store endringar både i areal og organisering, er det behov ei ytterlegare stadfesting av retninga for den framtidige legemiddelforsyninga til Helse Førde.

Det er difor gjennomført eit arbeid for å kvalitetssikre planane til Nye Førde sjukehus og viktige vegval rundt legemiddelforsyning i perioden juni til september 2019. Resultata er overlevert til Nye Førde sjukehus og blir arbeida vidare med, som til dømes innføringa av medisintraller i samband med KULE.

6. Premissar for arbeidet og prioriteringane:

Arbeidet i pasientens helseteneste skal:

- Sikre at dei rette aktivitetane vert sette i gang i tide

- Vere oppdatert på føringar og planar
- Bygge på eller revurdere tidlegare vurderingar og konklusjonar:
 - Eineromsmodell
 - Poliklinikkareal med god utnytting og felles generelle rom. Samhandling
 - Pasientvenleg – lett å finne fram, samordna tenester
 - Obervasjonssenger i akuttmottak
- Grunnkje og nyttevurdere framlegg
- Arbeide for berekraftige løysingar, m.a. ta høgde for rammene herunder at føretaket kan bere investeringane med Nye Førde sjukehus.
- Arbeidet skal utførast og planleggast innanfor til ei kvar tid gjeldande økonomiske rammer.
- Halde tilstrekkelig trykk på organisasjonsutvikling fram til innflyttinga i Nye Førde sjukehus

7. Arbeidsmåtar i programmet

Programmet organiserer arbeidet gjennom prosjekt, arbeidsgrupper, utgreiingar og forbetningsarbeid utifrå kva som er tenleg. Pasientens helseteneste har ei rolle i å ha oversyn over og koordinere aktiviteter på tvers, og staben gir støtte og kan bidra med gje avklaringar undervegs i løpa etter behov. Det er lagt opp til tett koordinering med regionale prosjekt med avhengigheiter til dei ulike tenesteutviklingsløpa. Programstaben har også ansvar for å planlegge og gje prosjektleiaropplæring i samarbeid med Fag og utviklingsavdelinga. Det er naudsynt å koordinere prosjekt i programmet mot andre aktiviteter. For Pasientens helseteneste er det spesielt hensiktsmessig å koordinere seg mot regionale program og prosjekt, samt mot byggeprosjektet Nye Førde sjukehus.

Konsept – ulike konsept blir utgreia overordna for å ta stilling til kva løysingar/vegval som i størst grad dekker behova og samsvarar med målsetnadane til Helse Førde. I kvalitetssikringa av forprosjektet til Nye Førde sjukehus blir løysingane innanfor bygg vurdert opp mot konseptane for framtidige tenester og organisering.

Forprosjekt – etter at konsept for framtidige tenester og organisering er valgt, vert løysingane detaljert. I samband med Nye Førde sjukehus vil denne fasen bestå av å detaljere løysingar.

Prosjekt – I denne fasen skal løysingane som er bestemt og planen for å innføre dei realiserast. Etter kvart byggesteg til Nye Førde sjukehus vil det bli planlagt for å ta i bruk nye bygg og driftsmodellar.

Det er utarbeidd leveranselar som er rettleiande og kan tilpassast til dei ulike vurderingsløpa. Framlegg om endringar vert risikovurderte.

Mandat og føringar for utviklingsløpa, samt god forankring av kva som skal vere innhald og arbeidsmåte i tenesteutviklingsløpa sjåast som viktige tiltak for å sikre framdrift, få rett detaljeringsnivå og kvalitet på plass. Det er etablert opplegg for rapportering frå, oppfølging av og støtte til prosjekta/utviklingsløpa.

Kva kan dei ulike fasane innehalde?

Fase 1, Konsept	<ul style="list-style-type: none">• Skildre korleis vi arbeider i dag. Skildre notilstand og arbeidsprosessar, behov og kapasitet mv
------------------------	--

	<ul style="list-style-type: none"> • Kvalitetssikre arealbehov, vurdere behov for nytt areal, setje seg inn i premiss/føresetnader i forprosjektrapporten. Sjå behov for endringar. • Vurdere driftskonsept og IKT-løysingar som vil påverke arbeidsprosesser (NFS - Helse Vest IKT) • Etablere føringar og prinsipp som gir berekraft (eks: bemanning, organisering, redusert bruk av overtid og innleige, arbeidsprosesser, redusert turnover, oppgåvegliding) • Risikodemping. Kan vere å pilotere og optimalisere løysingar (driftsmodeller, arbeidsprosesser, roller og mandat). Justere det som ikkje fungerer, skape eierskap til ideer og løysingar som kan lette implementering, slik at risiko vert redusert ved oppstart av nye konsept • Gjere vurderingsgrunnlag og handlingsalternativ tydelege
Fase 2 Forprosjekt, øve og justere	<ul style="list-style-type: none"> • Planlegge- Gjennomføre – øve på nye måtar å jobbe på • Evaluere og Justere ved behov (Lærings sirkelen - oppnår vi måla?) • Risikodemping gjennom å førebu tilsette, samt å øve på det vi kan øve på i gamle areal. Eksempel: pilotering einerom og nye baderomsløysing og sitjande triage i akuttmottak.
Fase 3 Konkretisering, planlegging, innføring	<p>I fase 3 veit ein kva som skal planleggast og/eller gjennomførast og går i gang med implementering</p> <ul style="list-style-type: none"> - Aktivitetar vert starta løpande etter piloteringar - Informasjon og kommunikasjon - Opplæring og risikodemping med førebudde tilsette <p>Hovedfokuset for organisasjonsutviklinga vil dei neste åra bestå i å utvikle løysingar/arbeidsprosesser til endringer som møter organisasjonen fram mot NFS.</p> <p>Det er valgt å prioritere utviklingsprosjekt ut i frå kva fagområder/funksjoner som skal flytte inn i nye bygg med takting som planleggings- og byggeprosessen:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Omfattande fysiske endringer i arealutforming og driftskonsept som krev nye måtar å jobbe på • Omfattande organisatoriske endringer som krevst for å ta i bruk NFS konseptet (nye bygg, sambruk av areal, utstyr og ressurser, utvikling frå døgn til dag og dag til virtuell)

Eksempel på metodikk som vert nytta:

- Workshop, forbetningsprosessar, forløpstenking
- Questback, intervju, diskusjonar i møte
- Tett kobling mellom arbeids/prosjektgrupper og leiarfora i klinikkane og på tvers
- Hospitering, hente innspel frå andre


7.1 Koordinering

Det er naudsynt å koordinere prosjekt i programmet mot andre aktivitetar; især regionale program og prosjekt, samt mot byggeprosjektet Nye Førde sjukehus. Det er gjennomgåande

representasjon i styringsgruppene for Pasientens helseteneste og HELIKS/Alle møter. Det er også etablert samarbeidsmøter mellom regionale prosjekt og Pasientens helseteneste. Det vert lagt vekt på effektive arbeidsprosessar utan dobbeltarbeid.

5.2 Koordinering med Nye Førde sjukehus byggeprosjekt

Framdriftsplan for Nye Førde sjukehus gir i stor grad føringar for kva aktivitetar som må prioriterast, og i figuren under ser ein korleis arbeidet er tenkt:



Prosjekta som går inn mot Nye Førde sjukehus har to hovudleveransar:

1. Kvalitetssikring av arealplanar og –behov frå forprosjekt Nye Førde Sjukehus
2. Vurdere, tilrå og planlegge framtidige tenester og driftskonsept, som grunnlag for eventuell organisasjonsjustering (inkludert bygg)

Prosjekta tek utgangspunkt i tidlegare tenesteutviklingsprosjekt og dei tankar som låg til grunn for desse:



- Kva er kjernen i tidlegare tilrådingar?
- Kor langt kom ein i å planlegge og beskrive framtida?
- Stemmer vurderingar/tilrådingar med dagens situasjon?
- Er det manglar – ting som ikkje har vore utgreidd?
- Kva avhengigheiter eksisterer?
- Kva moglegheiter sjåast i bruk av ny teknologi og nye system/verktøy?

Tilbakemelding og tilråding frå arbeidsgruppene skjer i to linjer

- Planlegging av bygg - til Nye Førde sjukehus

- Teneste- og organisasjonsutvikling - til Pasientens helseteneste

8. Avslutning

Program Pasientens helseteneste er etablert for å sikre heilskap og framdrift i arbeidet med pasientens helseteneste – framtidige spesialisthelsetenester i Helse Førde. Programmet prioriterer framdrift i planlegging av Nye Førde sjukehus, og skal samstundes sikre at føretaket gjennomfører endringar som følgje av nye krav og føringar. Programmet skal ikkje løyse alle oppgåvene, men bidra særskilt der det trengs særlege utviklingsarbeid på tvers eller av omfattande karakter og som ikkje blir ivaretake av andre program eller i linja.

